

# Resultatrekneskap 2014

	Utgifter		Inntekter	
Medlemskontingent			kr	3 816,00
Stønad fra Radøy kommune kulturmidler			kr	4 750,00
Annonser	kr	2 812,50		
Blomar	kr	7 349,00		
Inntekter på møter			kr	25 312,00
Utgifter på møter	kr	21 491,00		
Husleige	kr	3 200,00		
Utgifter tur til Fedje	kr	10 166,00		
Innbetaling tur til Fedje			kr	7 250,00
Loddsalg			kr	7 740,00
Strømmestiftelsen 2013/2014	kr	4 680,00		
Diverse utgifter/Inntekter	kr	4 200,00	kr	200,00
Betalte omkostning er bank	kr	264,00		
Renteinntekter bank			kr	34,00
Underskot 2014			kr	5 060,50
	<b>kr</b>	<b>54 162,50</b>	<b>kr</b>	<b>54 162,50</b>

## Balanse pr. 31.12.2014

Inngående beholdning kasse 1.1.2014	kr	834,20		
Inngående beholdning bank 1.1.2014	kr	37 229,34		
Beholdning bank 31.12.2014			kr	33 002,84
Kassebeholdning pr. 31.12.2014			kr	0,20
Underskot 2014			kr	5 060,50
	<b>kr</b>	<b>38 063,54</b>	<b>kr</b>	<b>38 063,54</b>

Manger

9/2-15*Berit Grindheim*

Berit Grindheim

Kasserer

Manger

9/2 - 2015*Lage Møken O. K. Møken*

Revisor

Revisor

# Årsmelding 2014

## Radøy Pensjonistlag

I 2014 har det vore halde 9 møte, 8 medlemsmøte og julemøtet på Smith`s. Det var "basar" på møta i April og Oktober til inntekt for laget.

### Ord for dagen i 2014

Januar: Arne Villanger. Febr.: Idar Grindheim. Mars: Harald Strand. April: Berit Kvalvik. Mai: Roald Erling Tjore. Sept.: Margot Taule. November: Valla Fykse .

### Talarar/kåsørar i 2014

Januar: Eilif Løtveit. Febr.: Anne Hildegunn Færøy. Mars: Johannes Fosse. April: Karstein Stene. Mai: Inger Johanne Knutsen. Sept.: Rune Skjælåen. Okt.: Gunnar Furubotten. November: Rune Minde. Desember: Espen Selvik.

Den 11. juni skipa laget til tur til Fedje. Veteranbussen starta frå Manger, og var med og køyrde oss omkring på dei smale vegane på Fedje. Einar Thommassen frå Fedje historielag, var lokal omvisar på ein kjekk og interessant tur.

Sumarturen, 11.-13. august gjekk nordover, over Sognefjorden, gjennom Hyllestad, over den nye

Dalsfjordbrua til Hauglands-senteret, og enda opp på Askvoll hotell. Neste dag var det vitjing på Værlandet og Bulandet, med lokal omvisar. På heimturen var ein mellom anna innom Helle knivfabrikk, Dale sentrum og Vadheim hotell. Turdeltakarane var godt nøgde med ein fin tur, tilrettelagd av Oskar Magnussen, og med Lillian Berge som sjåfør.

Laget har som vanleg sendt blomehelsingar på 80, 85 og 90-årsdager.

Møtelyden har minnast desse mangeårige medlemene som gjekk bort i 2014: Gudrun Myking og Dagfinn Tjore.

Lagsmøta har vanlegvis hatt frå 30 deltakarar og oppover mot 40.

Ved nyårsskiftet hadde laget omlag 60 medlemer.

På Fylkeslaget sitt årsmøte var Arne Villanger utsending. Borghild Baug og Magnar Klausen er laget sine representanter i eldrerådet. Dagunn Grindheim er laget sin representant i Frivilligsentralen. Berit Kvalvik er styremedlem Fylkeslaget.

Styret i 2014

**Leiar: Arne Villanger, nestleiar Berit Kvalvik, kasserer Berit Grindheim, skrivar Roald Erling Tjore, turansvarlege Magnar Klausen og Torvald Taule. Åse Urhaug.**

**Varafolk: Kåre Færøy og Margot Taule.**

**Det har vore halde 6 styremøte, og handsama 23 saker. På val er leiar for 1 år. Og 3 styremedlemer for 2 år. Også 2 varafolk for 1 år.**

**Revisorar har vore: Inger Morken og Olav K. Morken.**

**Valnemnd: Olav Marås, Oddmund Skjelvik og Gro Borgund**

**Tjore, 10. januar 2015.**

  
**Roald Erling Tjore**